

---

**Fra:** Trond R. Bjørstad <trondrb@gmail.com>  
**Sendt:** onsdag 31. juli 2019 14.42  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Innspel til framlegg av Lonena-områdeplan (saksnummer 2014/5177)

Eg meiner at arbeidet med områdeplanen for Lonena må stoppast/utsetjast av følgande nummererte grunnar:

1. Området er i dag svært viktig for fysisk og mental rekreasjon, leik og idrett for innbyggjarane i kommunen. Brekkeløypa gir ein unik moglegheit for tilgang til nær urørt natur for dei som er mindre førlege til fots, som f.eks. eldre. Med ei utbygging i området vil ein kunne risikere mindre bruk frå grupper søker kvalitetane som er der i dag. Det vil være god samfunnsøkonomi om dette området kan hjelpe med å bevare/auke folkehelsa for innbyggjarane i kommunen.
2. Dette området er eit flott område å kunne bevare som eit bufferområde mellom uberørt natur og bebygde områder sett i lys av at Nordhordland er norges første biosfæreområde i UNESCO sitt biosfære-program. I biosfæreområdet skal ein ha fokus på berekraftig bruk av natur- og kulturressursar av omsyn til kommande generasjonar, samt å arbeide for å redusere tap av ikkje fornybare ressursar og biologisk mangfald. I biosfæreområdet er det ei viktig målsetting å fokusere på korleis ein skal takle både miljøutfordringar og samfunnsutvikling på ein berekraftig måte.
3. Det er ikkje eit reelt behov for å bygge innanfor Lonena-området no. Når det gjeld ny utbygging, kan/bør dette skje i andre områder i og rundt Knarvik. Bl.a. er det jo store planer for boligbygging sør for Knarvik senter/E39. Dessutan er det fleire områder som vert vurdert for utbygging i Meland og Radøy som skal slå seg saman med Lindås. Basert på SSB sine prognoser for folkevekst i Hordaland er det rett og slett ikkje behov for så mykje utbygging i området.
4. Dårlig prosess: Det vart ikkje nytta ei uhilda spørjeundersøking frå kommunen då innbyggjarar med interesser i området vart spurt om meiningane sine. Fleire av spørsmåla var leiande i favør av utbygging og null-alternativet hadde ikkje fokus.
5. Manglande barnetråkkregistrering i konsekvensutgreiinga for friluftsliv. Det er berre utført barnetråkkregistrering av eitt årstrinn ved barneskule (6.klasse) og eitt for ungdomskule (9.klasse). Dette er ikkje representativt for all bruk som skjer av barn og unge. Det skulle helst vore registrert bruk for fleire skuleårstrinn, men aller mest saknar eg tråkkregistrering av barnehagebarn - ei meget stor brukargruppe av området i dag! Slik planområdet for utbygging er foreslått er det fleire av dei mest brukte stiane/trakka som vert råka/foreslått utbygd.
6. Konsekvensane av auka biltrafikk i området ved eit storstilt utbygging er ikkje godt nok vurdert. Lonsvegen fungerer som skuleveg for borna våre. Her går svært mange born aleine til og frå skulen heilt i frå 5-6års alder og oppover, året igjennom. I samband med områdeplanen må ein og sjå til at ein har god nok kvalitet og sikkerheit på tilførselsvegane til området.

Krysset/utkøyring mot FV57 har ikkje kapasitet til auka trafikk. Ein kan ikkje gå gang med eit slikt utbygging av området før dette er tilfredstillande løyst. Dette er nok eit argument for å utsetje beslutninga av områdeplanen.

7. Rekkefølge av planar: Lindås kommune må ikkje forhaste seg i denne prosessen med å beslutte områdeplanen for Lonena. Den logiske rekkefølga av planane må være at ein først besluttar "Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen" og at ein ut frå rammene i denne deretter tar for seg Områdeplanen for Lonena på eit seinare tidspunkt.
8. Som innbyggjar i Lindås kommune og kommande Alver kommune vonar eg at vedtak av områdeplanen for Lonena vert utsett til å bli behandla i Alver kommune. Då har ein ei moglegheit til å gjere ei heilskapleg vurdering basert på behov og ønsker/interesser for heile Alver-regionen. I tillegg vil dette gje tid til å få vurdert om Lonena-området er noko ein ønsker å bevare regi av UNESCOs biosfæreområde Nordhorland.

--

Mvh

Trond Rognebakke Bjørstad

Orrestein 33

5916 Isdalstø

mobil 40040278